

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2008/13/EF

2017/EØS/55/25

av 11. mars 2008

om oppheving av rådsdirektiv 84/539/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektromedisinsk utstyr som brukes i veterinærmedisin(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I fellesskapspolitikken for eit betre regelverk vert det lagt vekt på at forenkling av den nasjonale lovgjevinga og fellesskapsregelverket er svært viktig for å betre konkurransevna til føretak og nå måla for Lisboa-strategien.
- 2) Den metoden for samsvarsvurdering som er fastsett ved rådsdirektiv 84/539/EØF⁽³⁾, er ikkje lenger naudsynt for føremåla med den indre marknaden og handelen med tredjestatar.
- 3) Verkemåten til den indre marknaden og vernet av brukarar og dyr kan sikrast betre gjennom anna fellesskapsregelverk.
- 4) Direktiv 84/539/EØF bør difor opphevast.

- 5) Opphevinga av direktiv 84/539/EØF inneber at etter 31. desember 2008 vil ikkje modellen for samsvarsmerke i vedlegg III til det nemnde direktivet lenger verte nytta, og at dei aktuelle nasjonale gjennomføringstiltaka òg må opphevast —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Direktiv 84/539/EØF vert oppheva med verknad frå 31. desember 2008.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan 31. desember 2008 vedta og kunnngjere dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunnngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferdta i Strasbourg, 11. mars 2008.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

J. LENARČIČ

Formann

(*) Denne unionsrettsakten, kunnngjort i EUT L 76 av 19.3.2008, s. 41, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 108/2013 av 14. juni 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 67 av 28.11.2013, s. 11.

⁽¹⁾ Fråsegn gjeven 16. januar 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU).

⁽²⁾ Europaparlamentsfråsegn av 29. november 2007 (enno ikkje offentleggjort i TEU), og rådsavgjerd av 14. februar 2008.

⁽³⁾ TEF L 300 av 19.11.1984, s. 179. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 807/2003 (TEU L 122 av 16.5.2003, s. 36).